

Arkivsaknr: 2023/3463-32
Saksbehandlar: Marie Strand Fugelsnes
Avdeling: Samfunnsutvikling

SAKSFRAMLEGG

Orientering om status for planprosessane i planstrategien 2024-2027

Utval

Levekårsutvalet	09.09.2026
Formannskapet	10.09.2026
Kommunestyret	24.09.2026

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

1. Austevoll kommunestyre vedtar å utarbeide strategi for oppvekst, barn og unge og strategi for helse og velferd i staden for kommunedelplan for oppvekst, barn og unge og kommunedelplan for helse, sosial og omsorg.
2. Kommunestyret tar status for planprosessane i gjeldande planstrategi 2024-2027 til orientering.
3. Kommunen sitt planbehov skal bli vurdert årleg i samband med rullering av økonomi- og handlingsplanen.

Politisk behandling

Saka skal til uttale i levekårsutvalet, til innstilling i formannskapet og endeleg vedtak i saka blir gjort av kommunestyret.

Kort samandrag av saka

Austevoll kommune vedtok planstrategien for 2024–2027 i desember 2024. I denne saka får politisk nivå ei orientering om status for planprosessane i planstrategien.

Kommunedirektøren vurderer at det er meir formålstenleg å utarbeide strategi for

oppvekst, barn og unge og strategi for helse og velferd enn kommunedelplanar for desse områda. Strategiane kan utarbeidast raskare, bli meir konkrete og krevje mindre bruk av tid og ressursar. Det vidare arbeidet med planstrategien og kommunen sitt planbehov skal bli vurdert årleg i samband med rullering av økonomi- og handlingsplanen.

Bakgrunn for saka

Kommunestyret skal minst éin gong i kvar valperiode utarbeide og vedta ein [kommunal planstrategi § 10-1](#). Austevoll kommune vedtok ny planstrategi for 2024–2027 i desember 2024. Planstrategien ligg ved denne saka. Planstrategien er eit reiskap for nye folkevalde i arbeidet med politiske prioriteringar og vidare utvikling av lokalsamfunnet. Planstrategien bør omfatte ei drøfting av dei strategiske vala kommunen står overfor, mellom anna knytt til samfunnsutvikling, langsiktig arealbruk, miljøutfordringar, verksemda i sektorane og kommunen sitt planbehov i valperioden.

I arbeidet med planstrategien skal kommunen hente inn synspunkt frå statlege og regionale organ og nabokommunar. Kommunen bør også legge opp til brei medverknad og allmenn debatt som grunnlag for behandlinga. Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjerast offentleg minst 30 dagar før kommunestyret behandlar saka. Når kommunestyret behandlar planstrategien, skal det takast stilling til om kommuneplanen, eller delar av han, skal reviderast eller vidareførast. Kommunestyret kan også ta stilling til om det er behov for å sette i gang arbeid med nye arealplanar i valperioden, eller om gjeldande planar bør reviderast eller opphevast.

Fleire kommunar i Noreg har dei siste åra arbeidd med korleis den kommunale planstrategien kan nyttast som eit tydeleg og formålstenleg styringsdokument. Ein del av dette arbeidet har handla om å finne rett form og ambisjonsnivå for den einskilde kommunen sin planstrategi. Mange kommunar har vore meir ambisiøse i planlegginga enn det kapasiteten i organisasjonen har gitt grunnlag for. Dette gjeld særleg mindre kommunar, som ofte har utfordringar med å oppfylle krav og forventningar frå staten.

Dette har ført til at mange kommunar arbeider med å forenkle plansystema sine, slik at planarbeidet i større grad svarar til kommunen sine behov og den kapasiteten kommunen har, samtidig som statlege krav blir tekne vare på. Dette gjeld også Austevoll kommune. Planstrategien for perioden 2024–2027 legg opp til eit omfattande planarbeid. Etter at planstrategien blei vedtatt, har det blitt tydeleg at Austevoll kommune, som ein relativt liten kommune med avgrensa ressursar, ikkje har kapasitet til å arbeide med så mange planar og strategiar samtidig. Kommunen ser derfor behov for å gjere endringar i det påbegynte planarbeidet og forenkle nokre planar, slik at planarbeidet i større grad svarar til dei faktiske behova og ressursane i kommunen.

Fakta i saka

Austevoll kommune følger opp planstrategien som kommunen vedtok i 2024. I denne saka får politisk leiing ei orientering om status for planprosessane som går føre seg. Det gir politikarane grunnlag for å følge opp prioriteringane, vurdere framdrifta og ta stilling til eventuelle endringar i innretning, plantype eller ressursbruk. Slik kan kommunen sikre politisk forankring, tydeleg styring og betre samsvar mellom planstrategien og det faktiske planarbeidet.

Status for planane i planstrategien er slik:

Plan/strategi:	Status:
Kommuneplanen sin samfunnsdel	Planen er ferdigstilt og vedtatt våren 2026.
Kommuneplanen sin arealdel	Planen blir lagt ut på 2. gongs høyring hausten 2026.
Kommunedelplan for helse, sosial og omsorg	Planen er under arbeid.
Kommunedelplan for oppvekst, barn og unge	Planen er under arbeid.
Temaplan for kultur, idrett og frivilligheit	Planen er ikkje starta.
Strategisk næringsplan	Planen er ikkje starta.
Temaplan for klima, energi og miljø	Planen er ikkje starta.
Trafikksikringsplan	Planen er under arbeid, og det er venta at planen er ferdig våren 2027.
Rus- og alkoholpolitisk handlingsplan med retningslinjer	Planen er ikkje starta.
Temaplan for habilitering og rehabilitering	Planen er ikkje starta.
Arealplan for regulering av Austevoll fiskerihamn	Planen er under arbeid, og det er venta at planen kjem på høyring hausten eller vinteren 2026.
Overordna risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS)	Analysen er ikkje starta. Det er planlagt oppstartsak vinteren 2026.
Arbeidsgivarstrategi	Strategien er påbegynt.
Strategisk kompetanseplan og rekrutteringsstrategi	Planen og strategien blir lagt inn som ein del av arbeidsgjevarstrategi, og deretter følgde opp med ein handlingsplan.
Eigarskapsmelding	Meldinga er under arbeid og er venta ferdig hausten 2026.
Innkjøpsstrategi	Strategien er ikkje starta.

Naturmangfaldsplan	Det vart vedtatt at naturmangfaldsplanen skulle vere eit kunnskapsgrunnlag for arealdelen til kommuneplan.
Revideringa av eldreplanen	Revideringa er ikkje starta.
Førebyggjande plan for barn og unge	Planen er ferdigstilt.

Vurdering og drøfting av saka

Alternativ 1:	
Beskriv alternativet:	
I planstrategien blei det vedtatt å utarbeide ein kommunedelplan for helse, sosial og omsorg og ein kommunedelplan for oppvekst, barn og unge. I oppstarten av planarbeidet har administrasjonen vurdert at det vil vere meir føremålstenleg å utarbeide strategiar for desse områda, framfor kommunedelplanar. Strategi for helse og velferdig og strategi for oppvekst, barn og unge kan utarbeidast gjennom ein mindre omfattande planprosess enn kommunedelplanar. Kommunedelplanar fører med seg fleire krav som tar tid og krev ressursar. Det er til dømes krav om medverknad, jf. Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven) § 5-1. I tillegg skal kommunen varsle råka offentlege organ og andre interesserte om formålet med planarbeidet og viktige problemstillingar. Kommunen skal også kunngjere dette i minst éi avis som er vanleg lesen på staden, og på internett, jf. § 11-12. Det skal også utarbeidast eit planprogram som skal sendast på høyring og leggst ut til offentlig ettersyn, jf. § 11-13. Dette er nokre av krava som gjeld når kommunen utarbeider ein kommunedelplan. Dersom ein heller vel strategiar, kan ein dermed fullføre dei tidlegare. I tillegg kan ein truleg tilpasse dei tettare til behova og utviklinga innan dei einskilte fagområda. Administrasjonen vurderer at strategiar vil vere meir konkrete og handterlege i oppfølginga. Planane kan i større grad innehalde prioriteringar og tiltak på tenestenivå, og slik fungere som praktiske styringsverktøy i det vidare utviklingsarbeidet. Ein kommunedelplan vil i større grad vere overordna og kan derfor i mindre grad fange opp dei konkrete behova som tenestene står i no. Det vil ta lengre tid å utarbeide kommunedelplanar, og kommunedirektøren vurderer at det er behov for meir konkrete og operative planar no. Vidare er det føremålstenleg at arbeidet med planstrategien og kommunen sitt planbehov blir vurdert årleg i samband med rullering av økonomi- og handlingsplanen.	
Drøft konsekvensar:	
... for økonomi	Positivt: Dette kan redusere kostnadene knytte til planarbeid, medverknad, høyring, utgreiingar og bruk av ekstern bistand.

	Negativt: Dette gir ingen særlege ulemper.
... for klima og miljø	Ikkje vurdert i denne saka.
... for organisasjonen	Positivt: Det vil kunne gi meir effektiv bruk av ressursar og raskare gjennomføring av tiltak. Strategiar krev vanlegvis mindre omfattande planprosessar, noko som reduserer tidsbruk og administrativ ressursbruk i organisasjonen. Dette gjer at kommunen raskare kan starte arbeidet med konkrete oppgåver og tiltaka innanfor dei aktuelle fagområda. Kommunen har fleire lovpålagde planar som ein bør prioritere å arbeide med. Dersom ein vel å lage strategiar i staden for kommunedelplanar, vil det på sikt frigjere ressursar til anna arbeid. Det kan også vere uheldig å arbeide ut frå eit svært langsiktig perspektiv, fordi vi lever i eit samfunn i stadig endring. Negativt: Kommunedelplanar kan vere meir langsiktig styrande. Det kan vere positivt å arbeide ut frå eit langsiktig perspektiv.
... for barnets beste og andre særskilde grupper	Positivt: Det kan argumenterast for at omsynet til barnet sitt beste og andre særskilde grupper blir vareteke også med ein mindre omfattande medverknadsprosess. Det kjem av at innspel frå faginstansar vil bli tillagt stor vekt, og desse arbeider både for barnet sitt beste og for andre særskilde grupper. I tillegg blir råda involverte i strategiane for å sikre dette perspektivet. Strategiane blir også ferdigstilte tidlegare. Dermed kan barn og andre særskilde grupper få effekt av dei nye strategiane tidlegare enn dei ville fått av kommunedelplanane. Negativt: Planane vil i mindre grad bli påverka av innspel frå barn og unge og andre særskilde grupper, sidan dei skal ha ein avgrensa medverknadsprosess. Dette er likevel vurdert som formålstenleg for strategiar, der kommunen ønsker å legge særleg vekt på faglege vurderingar. Planane blir uansett lagde fram for alle råda, særleg for å sikre medverknad av omsyn til barnet sitt beste og andre særskilde grupper.

Alternativ 2:

Beskriv alternativet:

Kommunen held fast på at det framleis skal utarbeidast ein kommunedelplan for helse, sosial og omsorg, og ein kommunedelplan for oppvekst, barn og unge.

Det vidare arbeidet med planstrategien og kommunen sitt planbehov vil bli vurdert i økonomi- og handlingsplanen.

Drøft konsekvensar:

... for økonomi	Positivt: Dette gir ingen særlege fordelar. Negativt: Det vil krevje meir pengar, tid og ressursar å utarbeide to omfattande kommunedelplanar. Det vil også vere behov for å bruke meir ekstern bistand, noko som vil vere kostnadskrevjande for kommunen.
... for klima og miljø	Ikkje vurdert i denne saka.
... for organisasjonen	Positivt: Kommunedelplanar kan vere meir langsiktig styrande. Det kan vere positivt å arbeide ut frå eit langsiktig perspektiv. Negativt: Det vil krevje meir ressursar og meir tid for administrasjonen å arbeide med kommunedelplanane enn med strategiane. Det vil også ta lengre tid før planane er ferdigstilte, og dermed lengre tid før fagområda får nye styringsdokument dei kan forhalde seg til og arbeide ut frå. Kommunen får mindre tid og færre ressursar til å arbeide med andre lovpålagde planar. Det kan også vere uheldig å arbeide ut frå eit svært langsiktig perspektiv, blant anna fordi vi lever i eit samfunn i stadig endring.
... for barnets beste og andre særskilde grupper	Positivt: Dersom kommunen framleis vel å lage kommunedelplanar, vil dette føre til ein større medverknadsprosess og strengare krav til gjennomføring av planprosessen. Då vil det vere mogleg å få inn perspektiv knytte til barnet sitt beste og andre særskilde grupper i større grad. Negativt: Det kan argumenterast for at omsynet til barnet sitt beste og andre særskilde grupper blir vareteke også med ein mindre omfattande medverknadsprosess. Det kjem av at innspel frå faginstansar vil bli tillagt stor vekt, og desse arbeider både for barnet sitt beste og for andre særskilde grupper. I tillegg blir råda involverte i strategiane for å sikre dette perspektivet. Strategiane blir også ferdigstilte tidlegare. Dermed kan barn og andre særskilde grupper få effekt av dei nye strategiane tidlegare enn dei ville fått av kommunedelplanane.

Oppsummering av fordelar og ulemper

Alternativ 1	Fordel: Ein fordel med å velje strategiar framfor kommunedelplanar er at kommunen kan utarbeide dei raskare og med mindre bruk av tid og ressursar. Strategiane kan bli meir konkrete, operative og lettare å følge opp i tenestene. Det kan også frigjere ressursar til andre lovpålagde planar. Ulempe: Ei ulempe ved å velje strategiar framfor kommunedelplanar er at prosessen kan gi mindre medverknad. Barn og unge og andre særskilde grupper kan i mindre grad påverke innhaldet gjennom direkte innspel. Kommunen kan også miste noko av den meir overordna og langsiktige styringa og den formelle planforankringa som ein kommunedelplan kan gi.
Alternativ 2	Fordel: Ein fordel med å velje kommunedelplanar er at dei kan vere meir langsiktig styrande og gi ei meir overordna og formell planforankring enn strategiar. Kommunedelplanar legg også opp til ein breiare medverknadsprosess, noko som kan gi større rom for innspel frå barn og unge og andre særskilde grupper. Det kan styrke forankringa av planane og sikre at fleire perspektiv blir vurderte i arbeidet. Ulempe: Ei ulempe ved å velje kommunedelplanar er at dei vil krevje meir pengar, tid og ressursar å utarbeide enn strategiar. Det kan også bli behov for meir ekstern bistand, noko som vil vere kostnadskrevjande for kommunen. Planane vil ta lengre tid å ferdigstille, og det kan føre til at fagområda må vente lenger på nye styringsdokument dei kan arbeide ut frå. Kommunen vil også få mindre tid og færre ressursar til å arbeide med andre lovpålagde planar. Sjølv om kommunedelplanar kan gi eit langsiktig perspektiv, kan det også vere uheldig å arbeide ut frå eit svært langsiktig perspektiv i eit samfunn som stadig endrar seg. Strategiar kan dessutan i mange tilfelle vareta omsynet til barnet sitt beste og andre særskilde grupper også med ein mindre omfattande medverknadsprosess, fordi faginstansar og råd blir involverte. I tillegg kan nye strategiar takast i bruk tidlegare.

Sårbarheit og utfordringar
Ikkje vurdert i denne saka.

Kommunedirektøren sin konklusjon

Kommunedirektøren meiner det er meir føremålstenleg å utarbeide strategi for oppvekst, barn og unge og for helse og velferd enn kommunedelplanar for desse områda. Strategiane kan utarbeidast raskare, vere meir konkrete og operative og krevje mindre bruk av tid og

ressursar. Det gir kommunen høve til å ta i bruk oppdaterte styringsdokument tidlegare og samtidig frigjere kapasitet til andre lovpålagde planar og oppgåver. Kommunedirektøren vil fortsette arbeidet med å ferdigstille dei strategiane og planane som er starta opp. Kommunen sitt planbehov skal bli vurdert årleg i samband med rullering av økonomi- og handlingsplanen.

Vedlegg

- 1 Planstrategi 2024-2027